



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 14.08.2018  
Vår ref.: 2018/2015  
Arkivnr.: 512.1

Innovasjon Norge Rogaland  
Postb 8034  
4068 STAVANGER

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Tilskot til gjødsellager i heile Rogaland også i 2018

På grunn av spesiell tørke for vekstsesong i 2018 har mange bønder venta med å køyre ut gjødsla. Det viser igjen at klimatiske utfordringar gir behov for meir fleksibilitet når det gjeld spreining av gjødsel, og då er god lagerkapasitet avgjerande. Fleire tilfelle av ekstreme klimaforhold aukar bøndene sitt behov for lagerkapasitet for husdyrgjødsel utover dei lovpålagte krava om 8 månader. For liten lagerkapasitet gir risiko for negative miljøkonsekvensar haust og vår. Partnerskapen har difor teke avgjerd om å etablere ei ordning i 2018 der tilskot til gjødsellager blir utvida til å gjelde heile Rogaland.

Denne ordninga vil bli forvalta av Innovasjon Norge på ordinær måte. For å kunne gi støtte til flest mogleg, og i tråd med det som er avtalt i jordbruksoppgjeret om høve til slik investeringsstøtte i 2019, set vi vilkår om støtte på inntil 20 % av kostnad og tilskotstak på kr 100 000,-. Søknader frå føretak med miljøavtale har same vilkår som før. Det kan løyvast tilskot til tak på lager dersom det ikkje er gitt tilskot til lageret dei siste 5 åra.

Det er same dokumentasjonskrav i denne ordninga som det som gjeld for bygging av gjødsellager i utvalde vassdrag. Vi vil særleg framheve det å prøve å unngå bygging på dyrka jord, og ta omsyn til landskapet. Det blir lagt til grunn 12 månaders lagringskapasitet for denne ordninga.

Søknadane blir behandla fortløpande og utan søknadsfrist. Det er eit vilkår at lagera skal vere ferdig bygde og tatt i bruk innan 12 månader frå tilsegn om tilskot. Vi viser elles til tildelingsbrev.

Det er viktig at kommunane prioriterer desse sakene, og syter for at nødvendig dokumentasjon følgjer søknaden:

- Oversikt over eksisterande lagerkapasitet for husdyrgjødsel
- Berekning av behov for lagerkapasitet basert på mengd produsert gjødsel, tilføring av vaskevatt, regnvatt (ved open kum)
- Tilbod/kalkyle over investeringa
- Kart som viser plassering av gjødsellager i forhold til spreieareal for husdyrgjødsel
- Kommunen sin godkjenning etter plan og bygningslova og etter forskrift om organisk gjødsel

Det er ikkje krav om driftsplan for dette tiltaket, og det er elles tilleggsvilkår for føretak med miljøavtale i Regionalt miljøprogram.

Med helsing

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes  
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80  
E-post: [fmroaro@fylkesmannen.no](mailto:fmroaro@fylkesmannen.no)

Kopi til:

Rogaland bondelag	Postb 278 sentrum	4002	STAVANGER
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	Oslo
Rogaland bonde og småbrukarlag			
Rogaland skognæringsforum	Pedersgaten 32C	4013	STAVANGER
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Innovasjon Norge hovedkontor	Postb 448 sentrum	0104	OSLO